

Fra: Svein <smag-ru@online.no>

Sendt: 12.07.2023 21:13:00

Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>, sflpost@statsforvaltaren.no

Emne: AD PUKKVERKET PÅ EIDSNES NÆRINGSOMRÅDE, ALVER KOMMUNE

I august 1975 flytta kona og eg hit til Eknes som nyutdanna lærarar for å arbeide på Ostereidet barneskule. I september 1980 flytta vi inn i nytt hus i det kommunale bustadfeltet som i dag har fått namnet Breivika. Her har vi i mange år hatt det fredeleg og godt i lag med gode naboar og bygdefolk.

I 2011 vedtok Lindås kommune ein ny Arealplan som skulle gjelde for perioden 2011-2023, og sentrale politikarar og dermed også lokalavisene framstod som svært nøgde med at dei hadde fått gjennom planen , der eit næringsområde langs E39 og tilgang til djupvannskai innanfor ein radius på 15 min kjøring frå Knarvik stod sentralt.

Kva konsekvensar dette ville medføre for oss som bur på Eknes har verken då eller seinare vorte omtalt i media og slett ikkje engasjert administrasjon eller folkevalde i Lindås kommune/Alver kommune i ettertid.

Hadde vi visst at dette skulle føre til minst 7 år med store støy-/støvplager som følge av pukkverket som vart etablert på Eidsnes næringsområde, så ville nok ikkje bygdefolket gått med på dette utan kamp.

I Arealplanen (generell plan)står det m.a. å lese:

Som det går fram av konsekvensutgreiinga, er det i nokre tilfelle konkludert med at noko konflikt må aksepteras, og i enkelte andre tilfelle at det må gjerast nærmare undersøkingar av områda i samband med reguleringsa, slik at ein kan gjere naudsynte justeringar for å unngå uønska konfliktar. I arbeidet med planen har det vore viktig å finne nye næringsareal langs E39 og FV57, slik at ny næringsverksemad kan trekkast til kommunen. Det er stort behov for næringsareal i Bergensregionen, og det er difor lagt ut vel 1000 dekar til næringsføremål. Dei største areala er Eikanger, Eidsnes, Åse og Kjeksdalen.

Eidsnes er teke med blant anna fordi her er tilgang på djupvasskai.

ATR Eiendom AS kjøpte opp heile det tiltenkte tomtearealet og danna firmaet Nordhordland Næringspark AS og grunnarbeidet vart vel starta opp først ved E39 i 2015 og seinare i 2016 på Eidsneskaien(?)

Vi her på Eknes merka lite til arbeidet som gjekk føre seg langs E39, men då dei begynte på arealet ved Eidsneskaien, vart det etter kvart merkbart for alle som bur både på nedre og (enda verre) for dei som bur på øvre Eknes at her vert det store endringar i bumiljøet vårt. Det vi reagerte aller mest på i starten var at dei arbeidde langt utover vanleg arbeidstid,- ja, sågar etter midnatt fleire gonger. Eg tok då kontakt med Lindås kommune for å høre om dette var i samsvar med Reguleringsplanen for Eidsnes

næringsområde, og bad om å få snakke med nokon som kunne svare meg på det. **Svaret eg fekk var at dette var privatrettsleg og at eg måtte ringe Politiet**. Det tok ikkje lang tid før arbeid rundt og etter midnatt gjentok seg, og eg kontakta då Politiet. Dei stakk nedom området då dei var i området, og då tok det ikkje lang tid før dagleg leiar for ATR Eiendom var på tråden. Han tok opp saka med entreprenøren og fekk signalisert at arbeid skulle skje mellom kl.07-23...

Min første skriftlege melding (sms) til dagleg leiar var 6.januar 2017, og sidan har eg ei svært lang liste med meldingar og lydfiler som dokumenterer støy langt utover det VI meiner er akseptabelt og til tider da det burde vere stille. Det vert frå tiltakshavar og grunneigar hevda at dei kan arbeide kvar einaste dag frå kl. 07 og til kl. 23.00, inkludert lørdagar! . Så pinseafta i år måtte vi tåle steinknusing heilt til rundt kl. 17.

Steinknusing og tømming av store steinar i renner genererer mykje støy og støv og mange føler dette no går på helsa laus etter omlag 7 års arbeid på Eidsneskaien.

Vi har ikkje nytta media til å synleggjere kva som har skjedd med den vakre idyllen rundt den då allereie etablerte kaien og eigedommen til Skogeigarlaget; ei heller kva vi har måttå tåle av kontinuerleg støy i tidsrommet kl. 07-23 alle dagar unntake sundagar sidan hausten 2016. Men no er det mange som føler vi er på bristepunktet og vil ha ei avklaring frå kommune og Statsforvaltar om det som har skjedd og skjer på Eidsnes Næringsområde er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Reguleringsplanen ser ikkje ut til å nemne noko om kva tidspunkt på døgnet arbeidet kan foregå. Planen er generell og altfor lite detaljert med tanke på all støy og støv arbeidet genererer. Eg kjenner til ein kommune som har avgrensningar på tidspunkt/dagar der slik aktivitet kan foregå, og det burde også denne planen ha innehalde. Vi stiller derfor spørsmål om kommunen har gjort jobben sin her.

Vonar kommunen ser på kva som er gjort og rettar opp i evt. manglar og at bygdefolket på Eknas får ei orientering om kva vi kan forvente oss i tida som kjem. All informasjon eg har fått frå Nordhordland Næringspark på mine svært mange sms'ar og lydfiler er munnleg, så eg har ikkje skriftleg dokumentasjon på kva ein har lova.....noko som er bevisst?

Vennleg helsing

Svein Magne Rusten

Tlf. 91888763